



## Referat frå evalueringsmøte etter brannen i Gudvangatunnelen laurdag 30. mars 2019

Deltakande etatar:	Aurland brannvern, Voss brannvern, Bergen brannvesen, 110 Hordaland, alarmsentralen i Sogn og Fjordane, politiet, Helse Førde, Statens vegvesen, Aurland kommune og Fylkesmannen
Møteleiar:	Fylkesberedskapssjef Haavard Stensvand
Referentar:	Rådgjevar Stig Morten Tengesdal, Fylkesmannen Rådgjevar Anne Catherine Fasmer Eide, Fylkesmannen

Tidspunkt: 26. april kl. 11.00-14.00

Møtestad: Trudvang kino, Aurland

### 1. Opning

Ordførar Noralv Distad ønskte velkomen til Aurland. Han sa at det er nyttig å møtast for å evaluere hendinga kort tid etter at ho har skjedd. Han sa òg at vi må bu oss på at det kan skje igjen, og at vi må sjå om det er noko som kan gjerast for å unngå slike hendingar i framtida.

Haavard Stensvand ønskte velkomen til evalueringsmøtet. Han sa at det viktigaste føremålet med møtet er å evaluere samvirke på tvers av aktørar, i tillegg til å identifisere eventuelle forbedringsområde.

### 2. Tilstanden i tunnelen før brannen

Statens vegvesen v/brannvernleiar Christoffer Ebbang

Ebbang orienterte om aktørbildet i Gudvangatunnelen, tekniske data, beredskapsplanverk og ROS-analysar. Tunnelen er for tida under oppgradering. Då brannen i tunnelen starta var det styrt trafikkavvikling/kolonnekøyring frå Flåm og Gudvangen, med leiebil i eitt felt om gongen. Gudvangatunnelen vart sist oppgradert i 2016 og førre beredskapsøving i tunnelen var i 2013.

### 3. Varslingsfasen

Alarmsentralen Sogn og Fjordane v/dagleg leiar Terje Brandsøy

Det var to operatørar på vakt i alarmsentralen. Kl. 03.33 fekk vaktleiaren ein telefon frå vegtrafikkentralen (VTS) om brann i Gudvangatunnelen. Dei var i tvil om det var eit reelt nødstilfelle ettersom beskjeden frå tunnelen var svært kort og innehaldt lite informasjon.

Overvakingskameraet og målarane i tunnelen viste etter kvart teikn til røyk frå eit vogntog. Kl. 03.37 vart alarmsentralen i Sogn og Fjordane og VTS samde om å setje i verk varslingsprosessen.

Brannvesenet vart varsla om at det brann i eit vogntog 1500 meter inne i tunnelen på Flåm/Aurlandsida. VTS-operatørane informerte om at brannventilasjonen stod på trinn 1 i retning Flåm/Aurland, som òg er den naturlege trekkretninga. Alarmsentralen etablerte telefonkonferanse mellom VTS, politiet og AMK. Voss brannvern vart varsla kl. 03.46.

#### Lærepunkt

- Voss brannvern stilte spørsmål ved om dei kunne vorte varsla på eit tidlegare stadium. Terje Brandsøy sa at varslinga tok noko tid fordi operatørane ønskte å verifisere om det var eit reelt tilfelle ved å nytte overvakingsutstyret i tunnelen. Brandsøy sa at Voss brannvern burde vorte varsla samstundes med Aurland brannvern, slik det går fram av beredskapsplanen. Alarmsentralane i Florø og Bergen skal følge opp dette vidare ved å diskutere rutinar og løysingar for varsling av nabobrannvern over fylkesgrensene
- Arvid Gilje (Aurland brannvern) kommenterte at brannverna burde vorte varsla straks etter at leiebilsjåføren melde frå via nødtelefon om at det brann i tunnelen. Gilje sa at det generelt sett bør varslast straks ved mistanke om brann i tunnel
- Stian Sægrov (Helse Førde) sa at Helse Førde (HF) har ein rutine for å varsle kommuneleiinga, men i dette tilfellet vart ikkje kommunen varsla
- Sægrov meinte at VTS bør ha ein standard varslingsrutine som gjeld for alle typar hendingar. Etter dagens ordning skal VTS ved brann først varsle brannvesenet, dernest politiet og så AMK, medan rutinen er annleis ved trafikkulykker. Statens vegvesen, ved Henny Kristin Asperanden Navarsete, tek med seg innspelet
- Fleire etatar trekte fram Nødnett som eit viktig verktøy for å sikre eit godt samvirke
- Arvid Gilje (Aurland brannvern) og Arnfinn Halrynjo (Voss brannvern) sa at VTS bør vere tilgjengeleg på Nødnett
- Fleire etatar trekte fram at VTS-operatørane gjorde ein svært god innsats i hendinga
- Det vart nytta svært mange ulike stadnamn under aksjonen. Det var semje om at det er viktig å sikre at det vert nytta felles stadnamn under ein aksjon, og at det kan vere problematisk om stadnamna vert for lokale

#### **4. Etableringsfasen**

##### Aurland brannvern v/brannsjef Reinhardt Sørensen

Aurland brannvern har gjennomført ei evaluering saman med Årdal og Lærdal brannvern. Voss brannvern vart òg invitert til møtet, men kunne ikkje delta som følgje av at tunnelen var stengt. Sørensen meinte at innsatsen fungerte svært godt under hendinga.

Nokre lærepunkt frå evalueringa til brannverna:

- Nye prinsipp for redning i tunnel fungerte godt. Tidleg avgjersle om ventilasjonsretning mot Flåm/Aurland gav grunnlag for sjølvberging
- Nødnett falt tidvis ut inne i tunnelen. Når oppgraderinga av tunnelen er ferdig skal Nødnettkablane liggje i bakken, og denne typen utfall vil truleg ikkje kunne skje igjen

## Referat frå evalueringsmøte etter brannen i Gudvangatunnelen laurdag 30. mars 2019

- Det vart etablert kommandoplassar (KO) på kvar side av tunnelen, og sambandet mellom dei fungerte godt
- Brannsløkkinga tok 40 minuttar. Det ville truleg teke mykje lenger tid å slukke brannen og få kontroll på staden om brannvernet ikkje hadde tilgang på godt utstyr
- Det må alltid vurderast om ein skal drive sløkking av brann i tunnel, og omsynet til tryggleiken (m.a. nedfall av stein frå tunneltaket) må vere ein viktig del av vurderinga
- Det burde vore tilgang på eit varmesøkande kamera til arbeidet med gjennomføring

### Aurland brannvern v/innsatsleiar Arvid Gilje

Gilje meinte at innsatsen var svært vellukka fordi det vart tekne gode avgjerder på eit tidleg stadium, som til dømes at ventilasjonsretninga ikkje skulle endrast og at brannverna i Lærdal og Voss vart varsla. Det var god samhandling mellom kommandoplassane (KO) på kvar side av tunnelen, og godt samarbeid både internt og på tvers av brannverna. Sjåføren av leiebilen gjorde òg ein framifrå innsats.

Gilje sa at dei tapte tid i varslingsfasen (sjå kommentar frå Gilje under pkt. 3 varslingsfasen), og at Voss brannvern skulle vorte varsla samstundes som Aurland brannvern, jf. beredskapsplanen. Gilje sa at han under utrykkinga ba VTS om å sjekke tunnelkamera i begge retningar, men fekk ingen tilbakemelding før i innsatsfasen. Vidare sa Gilje at ein hadde spart mykje tid viss vogntoget hadde rygga 20-30 m i staden for 500 m. I tillegg meinte Gilje at nødsentralane og VTS kan lære av kvarande når det gjeld loggskrivning, og at dei burde ha komplette loggar frå starten.

### Voss brannvern v/innsatsleiar Arnfinn Halrynjo og utrykkingsleiar Eirik Rogne

Det var semje om at brannvesenet skulle leie innsatsen på skadestaden. HMS-situasjonen vart vurdert med omsyn til nedfall frå taket, røyk, varme mv. Det låg føre informasjon om at det ikkje var farleg gods på vogntoget før dei tok seg inn i tunnelen. Voss brannvern køyrde inn i tunnelen med ein tankbil og fekk slokke flammene raskt. To røykdykkarar frå Voss brannvern vart sendt inn i tunnelen for å klarere vogntoget. Kablar, berebruer og anna raste ned frå taket, noko som gjorde at det tok ei stund før det vart vurdert som trygt å sende røykdykkarane forbi vogntoget.

Halrynjo meinte at samhandlinga mellom Aurland og Voss og dei andre etatane fungerte godt.

### Lærepunkt

- Arvid Gilje sa at det berre er innsatsleiar brann som kan avgjere ventilasjonshastigheit og -retning, medan det i dette tilfellet var VTS og 110-sentralen som avgjorde trinn 1. Gilje sa at det hadde gått raskare å kome seg ut av tunnelen med berre naturleg trekk, og at ein burde ha auka ventilasjonshastigheita først etter at alle var komne ut av tunnelen
- Gilje sa at det er viktig at brannverna får hjelp av 110-sentralen til å skaffe mobilnummer til oppgraderingsplanen
- Voss brannvern meinte at det ideelt sett burde vore ein følgjebil bak leiebilen for å hjelpe dei som køyrde bakarst i kolonnen
- Voss brannvern meinte at det burde vore ein tankbil til i aksjonen, til dømes frå Vik

- Det var semje om at det er viktig å ha merksemd på HMS overfor mannskapa. Nedfall frå taket var særleg utfordrande i dette tilfellet. I tillegg eksploderte eitt av dekk på trekkvogna før mannskapa starta sløkkinga. Voss brannvern minte såleis òg om faren for at dekk kan eksplodere. Det ligg til innsatsleiar å avgjere om det er trygt å gå i innsats
- Alle etatane meinte at leiebilsjåføren gjorde ein framifrå innsats som bidrog til at det ikkje vart fleire eller meir alvorlege personskadar. Ho varsla og fekk folk ut av tunnelen

## 5. Gjennomføringsfasen

### Helse Førde v/ambulansesjef Stian Sægrov

Sægrov meinte at det var eit godt samvirke mellom 11X-sentralane og etatane på skadestaden. Det vart tidleg avklart at situasjonen var under kontroll og ressursituasjonen var god (sjå elles innspel frå Sægrov under pkt. 3 varslingsfasen).

### Politiet v/politibetjent Frida Nordem Føleide

Politiet rykte ut med tre patruljar. Føleide meinte at samarbeidet mellom etatane og 11X-sentralane fungerte godt under hendinga. ILKO fungerte godt fordi etatsleiarane var samla, noko som bidrog til å sikre felles situasjonsforståing til kvar tid. Informasjonsutvekslinga på sambandet var òg god og relevant i alle fasane av hendinga.

Det var totalt 32 personar som vart evakuert ut av tunnelen. Det vart etablert ein samleplass for skadde ved avkøyrsla til Undredal i Aurland, der seks personar vart undersøkt av helsepersonell. Fire av desse personane vart sendt til sjukehus for vidare behandling av røykskadar.

Politiet frå Sogn hadde for få handhaldne samband tilgjengeleg, fordi ingen av mannskapa som var på vakt hadde rolla som operativ uteleiar (OUS). I dette tilfellet fekk polititienestemannen i ILKO låne eit samband av brann- og redningsvesenet. I framtida bør politiet ha fleire handhaldne samband tilgjengeleg for å ivareta samvirket, særleg i ILKO.

### Politiet v/politiførstebetjent Helge Øvstetun

Øvstetun oppsummerte arbeidet til politiet i etterforskningsfasen. Han minte om at det er viktig å syte for rask sløkking og lufting, og dernest sleppe til politiet på brannstaden. Bilete og video er viktig i arbeidet. Det står framleis att noko politiarbeid før juristane tek påtalemessig avgjersle.

### Lærepunkt

- Samvirket mellom 11X-sentralane og etatane på staden fungerte godt. Samarbeidet og sambandet mellom kommandoplassane (KO) på kvar side av tunnelen fungerte òg godt
- I framtida bør politiet ha fleire handhaldne samband tilgjengeleg for å ivareta samvirket

## 6. Oppsummering

Stensvand oppsummerte hovudmoment og lærepunkt frå møtet med media til stades i lokalet.

Alt tyder på at samvirket og samarbeidet mellom aktørane fungerte svært godt under hendinga. Samstundes har vi identifisert viktige lærepunkt på fleire område. Det har vore mange brannar i

## Referat frå evalueringsmøte etter brannen i Gudvangatunnelen laurdag 30. mars 2019

Gudvangatunnelen og andre tunnelar i regionen, og det er ingen tvil om at det vil kome brannar igjen i nye Vestland fylke. Det har vore ei betydeleg utvikling sidan det første evalueringsmøtet (Gudvanga 1), til dømes i form av betre rutinar og samarbeid på tvers av aktørar. Det var semje om at det er viktig å halde fram med å møtast etter slike hendingar for å evaluere samvirket.